

Tekstalternativ for video: trunkering

Velkommen til denne videoen frå biblioteket, der vi skal snakke om søketeknikken trunkering.

Trunkering utvidar søket og lar oss søke på "stammen" av eit ord. Dette gjer at vi enkelt, til dømes, kan søke på ulike bøyingar av eit ord. Trunkeringsteiknet er som regel ein asterisk *. Dersom vi trunkerer "sykepleie", vil vi kunne få treff på "sykepleie", "sykepleiere" og alle andre ord som byrjar på "sykepleie".

Det er viktig å tenke seg litt om når ein bruker trunkering,

set du trunkeringstegnet for tidleg i ordet, kan du få treff på mange ord som ikkje nødvendigvis er relevante for deg og ditt søk. Trikset er å inkludere akkurat en så stor del av ordet som du treng, ikkje meir eller mindre. Til dømes, vil det å trunkere "sykepleierne*" berre kunna gi treff på "sykepleierne" og "sykepleiernes". Trunkerer du heller "sykepl*", vil du kunne finne alle ord som startar på "sykepl", til dømes, "sykepleie", "sykepleien", "sykepleierne" osv. osv.

Takk for at de høyrde på, og stikk gjerne innom biblioteket om det er noko de lurar på.